

Ny foreldreportal frå 2. mai

Skulane i Time kommune brukar "Visma Flyt Skole" til dialog og informasjonsdeling med føresette.

Som føresett, kan du følge ei lenke på skulen si heimeside og logge deg inn på "**Hjemmeweb**".

Her finn du mellom anna informasjon om søknadar, samtykke, fråvær og vurderingar som gjeld ditt barn. Du kan også sjekka om SFO-plass, permisjon frå skulen m.m.

Lenka til Visma Flyt Skole ser slik ut:




I tillegg brukar me app'en "Min skole" frå Visma. Appen og "Hjemmeweb" samarbeider.



2. mai 2023 blir "Visma Hjemmeweb" erstatta med "Visma Foresattportal".

Det er i hovudsak utsjånaden inne i løysinga som blir endra. I tillegg er nokre funksjonar flytta over i appen "Min skole". Søknad om redusert foreldrebetaling i SFO er også endra og forenkla. Dette finn ein informasjon om under søknadar i "Foresattportal".


Du skal framleis bruke den same lenka til "Visma Flyt Skole" som ligg på skulen si heimeside. Etter at du har klikka på lenka, vel du "Visma Foresattportal".



Den nye "**Foresattportal**" samarbeider optimalt med app'en "Min skole".

Inne i Foresattportal:

Når du har logga deg på, kjem du inn på startsida:



På startsida finn du informasjon om:

- Barn som føresett er kopla til
- Brukarmeny kan opnast øvst til høgre
- Venstremeny viser ulike funksjonar
- Meir informasjon om valt funksjonalitet finn du midt i skjermbilete

Brukarmeny:

Øvst til høgre kan du klikka på ditt eige namn og få opp meny med:

- Varslingsinnstillingar
- Min profil
- Språk
- Kontaktinformasjon

Under dei ulike punkta i menyen kan du redigera og gjera val. Under "Min profil" kan du t.d. endra kontaktinformasjon som e-postadresse og telefonnummer.

I føresettparten finn du følgande funksjonar:

- Søka om permisjon
- Søka om/ endre SFO-tilbod
- Søka om redusert foreldrebetaling i SFO.
- Oversikt over fråvær
- Vurderingar og karakterar
- Merknadar (anmerking)
- Digitale spørjeskjema

Dei funksjonane som låg i "Hjemmeweb" og ikkje blei med til ny "Foresattportal", vil du i staden finne i app'en "Min skole". Dette gjeld til dømes "SFO-tilstestedeværelse".